

Referat – påskemøtet 2025

Hovden grendehus, 16. april 2025

Møteleiar: Ordførar Hans Blattmann

Kommuneinfo

Bykle kommune – status og strategisk utvikling: Hans Blattmann ønskja velkomen og orienterte om kommunen sin ståstad, ambisjonar og utfordringar på kort og lang sikt – både som kraftkommune, hyttekommune og verneområdekommune – men nye nasjonale forventingar og føringar for utviklinga og handlingsromet ein har framover. Kommunen har investert tungt i nye anlegg over tid, noko som medfører auka driftskostnadar. Ein ønskjer framleis å leggje til rette for nye tilbod, men må pårekne at kommune vil måtte prioritere strengare framover.

Løypenett: Det vart vist til arbeid med kanalisering av ferdsle og løyper og utfordringane ein har med å vidareutvikle nye og alternative vinterløyper som dels støyter mot villreininteresser, grunneigarsyn og regionale og statlege premisser. Ein arbeider for å ivareta ulike omsyn og finne gode kompromiss og for å løfte t.d. adaptiv løypeforvaltning att som inngang til meir dynamisk ferdsle. Han peika og på utfordringane med å investere i nye tiltak og medfølgjande driftskostnadar som gir kommunen utfordringar framover, og at det vil vere ein føresetnad for løypeutvikling at løypebidraga kjem opp på eit høgare nivå enn i dag. Han viste og til statistikk frå skisporet .no – der kommunen kjem ut med høgt kommunalt bidrag / lågt frivillig bidrag pr løypemeter, og eit omfattande løypenett - sett opp mot samanliknbare destinasjonar.

Kommuneplan: Signe Sollien Haugå orienterte om nyleg vedteken kommuneplan – samfunnsdel og om arealstrategien som både gjennomgåande tilnærming til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft - som no skal operasjonaliserast i ny arealdel. Med forsterka fokus på villrein og pårekneleg utvida omsyn gjennom Tiltaksplan for villrein som er i komminga kan det vere at kommunen må justere ytterlegare omfang og lokalisering av framtidige hytteområde / fortetting- og endringar m.o.t. sti- og løypeplan.

Sti- og løypeplan: Det var informert om at ein vil starte arbeid med besøksforvaltning og revidert sti – og løypeplan der ein vil invitere til medverknad frå både fastbuande, hyttefolk, organisasjonar og andre. Dette tek tentativt til tidleg haust 2025.

Redusert økonomisk handlingsrom: Kommunen har reduserte rammer for å disponere til næringsutvikling og fellestiltak i åra som kjem. Samstundes som ein ser trong for t.d. investering i nye hybelbygg for Skigymnaset. Kommunen har store utgifter knytt til løypekøyning, turistinformasjon, kompensasjon til grunneigarar for løypetrasear. Gjennom utbyggingsavtalar får ein inn noko til felles investeringstiltak – men med lågare utbyggingstakt og fordeling gjennom områdemodell (Hovden / Midt-regionen) og øymerking til tiltak der bidraga kjem i frå ser ein at prioriteringane og framdrifta må reviderast innafor 10-årsperioden. I første omgang finansierer og forskutterar kommunen kulvert ved Nordli / RV9 komande år. Frivillig løypebidrag utgjer om lag 1/5 av samla driftskostnadar til løypepreparering.

Hovden sentrum: Merethe Hjemdal rosa både fastbuande og friviljuge – og hyttefolk i samband med nyleg gjennomført NM på Hovden. Ho orienterte om planar for opprusting av Hovden sentrum i åra som kjem. Ein synte også skisser for omlegging av RV 9 utanom sentrum og at dette vil bli teke endeleg stilling til i komande kommunestyremøte i april.

Beredskap og øvingsområde: Det vart orientert om forsvaret sine ønskje om merking av øvingsområde og status i saka, og om at ein freistar å finne ei ordning som både gjer at ein har tilstadevere og øvingsområde i kommunen som sikrar at ein har god lokalkjennskap og mannskap som kan ta operative oppdrag ved behov.

Vasskraft: Blatmann orienterte om pågåande arbeid med mogleg pumpekraftverk .

Næring: Status for strategisk næringsplan og at denne vil bli lagt ut til høyring og at ein gjerne ser hyttebyklarar med i utviklinga av næringsverksemd lokalt. Ein minna om fasilitetane for «hyttekontor» på felleskontora i Hovdetun.

Ressursgruppa

Jon Helle og Tom Bredesen la fram ressursgruppa sitt syn og hovudfokus framover.

Ressursgruppa har som ambisjon å vere ein positiv bidragsytar til å gjere Hovden (Bykle) til den beste heilårsdestinasjonen i Sør-Noreg.

Ressursgruppa var lite nøgde med at dei ikkje fekk delta i møte med Statsforvaltar – men rosa kommunen for samarbeidet og samarbeidsavtala.

Dei ønskjer å engasjere seg i arealdelen og framtidig løypenett rundt Hovden som skidestinasjon.

Ressursgruppa hevda at det er færre løyper og fjell-løyper no enn tidlegare, og at dei såg aukande utfordring med villreinomsyn. Dei trekte fram Galteflotti / Sloaros (delvis stengt) og at dei er urolige for Auversvatnløypa, og å miste enda fleire attraktive løyper. Dei ønskjer meir fokus både på sommar- og vinterløyper framover, og at kommunen bør ha meir aktivt forhold til friluftsområde med høg verdi. Dei oppmoda kommunen til å vurdere flytting, kanalisering, tilgang, parkering og andre tiltak for å styrke friluftslivarbeidet i arealdelen eller i kommunen sitt arbeid framover. Dei løfta fram folkehelse og fysisk aktivitet, barn- unge og eldre og folk med nedsett funksjonsevne som ulike målgrupper.

Ressursgruppa uttrykte at dei forventar at kommunen skal arbeide med nye løyper i område der ein ikkje kjem i konflikt med villrein, og starte forhandling med grunneigarar om dette. Dei lista og opp forventingar til investeringar i kulvertar og skibruer, ev. ekspropriasjon til løyper, og iverksetting av adaptiv løypekøyring i villreinområde. Dei foreslo å ha ein årleg plan for investering i sti- og løypetiltak og at ressursgruppa skal spele inn forlag til dette. Dei meiner at skibru over Otra og undergang RV9 ved Fjellstoga er særleg viktig framover, både for å binde eksisterande løyper i hop, redusere fara ved elevkryssing på isen, og styrkt trafiksikkerheit ved kryssing av riksvegen.

Dei uttrykte og at dei samstundes hadde forståing for at kommune ikkje kan imøtekome alt, - basert på innleiingane frå kommunen, og at dei oppfatta at ekspropriasjon er lite aktuelt frå kommune si side.

Ressursgruppa lova å koordinere velforeiningane sine samla innspel til sti- og løypeplan/arealdelen.

Anna aktuelt:

«Folkeopplysing om villrein og ferdsle» –Statens naturoppsyn

Guro Sødergren orienterte om SNO sine viktigaste oppgåver; tilsyn, kontroll og rettleiing. SNO arbeider for skape forståing og respekt for regelverk, og legg vekt på godt samarbeid med andre aktører i fjellet. Dei er og samordna med politiet når det gjeld kontrollar.

Ho informerte om viktig karakteristika ved villrein og kvifor ferdsle og uroing er særleg skadeleg vinterstid i våre område. Dei arbeider for å spreie kunnskap og informasjon til publikum og kan dele situasjonskunnskap med forvaltingsmyndigheiter som ev. det i verk regulering av aktivitet.

Til slutt minna ho om;

- Ferdselsforbudsoner frå 25. april- 31. mai
- Bandtvang 1.april- 20.august
- Villreinvettreglane – kan du legge turen til eit anna område?
- Tips gjerne om villrein med avvikande åtferd

Badeland – nye Hovden fjellbad

Torvald Gautland orienterte om attraksjonsbygginga med nytt anlegg der det både skal vere attraktivt å kome for leik, trening og velvere. Anlegget har unik utforming og arkitektur og er så vidt ein veit einaste med akvedukt der ein kan symje over skisporet. Det blir 25 m symjebasseng med 5 baner og 1,3 og 5 m stupebrett, utomhus-bad og badstoge ved elva, kaldkulp, boblebad, velvereavdeling og servering. Det er eit mål å bli mest mogleg sjølvforsynt på energi ved hjelp av energibrønner, solceller og eit energieffektivt bygg. Det blir investert 150 millionar i anlegget inkludert ny og gamal del – der det og blir enda meir leik og moro- og utstyr for barna framover. Nye «Hovden fjellbad» opnar laurdag 27. september – 1.laurdag i haustferien.

Landskappleiken 2026 - utleige hytter

Kjell Erik Jordstøyl orienterte om arrangementet som finn stad 24-28. juni 2026 på Hovden.

Dei vil nytte rigge 3 store scener i Grendehuset, idrettshallen og i eit stortelt ute. Dei ønskjer å etablere bubilcamp på idrettsbanen og det vil bli stor aktivitet med om lag 5000 besøkande denne veka. Landskappleiken er eigd av Folkorg – og blir arrangert i lag med Setesdal spelemannslag. Dei treng om lag 500 friviljuge til ulike oppgåver og det vil vere gode høve til utleige av hytter til deltakarar og gjester. Landskappleiken har rigga ein eigen organisasjon for ulike oppgåver – Kontaktinfo mv. vart delt ut - og følgjer som vedlegg til referatet.

Destinasjon Hovden

Unn Hovden synte nye nettsider som no er felles for turistinformasjonen og marknadsrådet for alle reiselivsverksemdene i kommunen. Det vart peika på løypeinfo og arrangementsinfo som blir fortløpande oppdatert.

Ho oppmoda og til å formidle at dei gjerne tek i mot tilbakemeldingar – ris og ros – via nettsida- og at det er meir tenleg enn at det føregår ulike diskusjonar i sosiale media. Dersom det blir meldt inn via heimesida vil dei følgje opp og kunne svare ut konkret.

Spørsmål og drøfting:

Det vart ulike spørsmål/kommentarar knytt til;

- Nedlagt løype Steinsland – Berdalen – moglegheiter for å reetablere løype her.
 - *Svar: Lite aktuelt – må ev sjåast på i samband med nytt adaptivt prosjekt.*
- Pårekeleg framdrift for å få i gang att adaptiv løypeprosjekt
 - *Svar: Er drøfta med Statsforvaltar og Fylkeskommunen – vil bli arbeidd vidare med som 3-4 årig prosjekt – føreset at ein får innarbeidd alternative løyper og meir dynamisk kanalisering og utprøving i medhald av ny sti- og løypeplan. Treng finansiering til følgjeforsking / FOU.*
- Framdrift for turveg langs Hartevatn
 - *Svar: Reguleringsplan er snart klar for 1.gongs handsaming og høyring.*
- Synspunkt på grunnpreparering / prepareringsfrekvens vinterløyper og sommarløyper i midt-regionen.
- Framdrift for samanbinding i løyper i midt-regionen?
 - *Svar: Reguleringsplan bru Geiskelidåna har vore til høyring og vil bli 2.gongshandsama i vår. Reguleringsplan ved Nordli for samanbindingsløype kulvert – skibru er under arbeid, og snart klar for 1.gongs handsaming og høyring.*
- Framdrift i etablering av ljospunkt løype opp mot Galteflotti
 - *Svar: Meir delte meiningar om lysforureining og om tiltaket vil vere positivt eller negativt – usikker på framdrift – må sjekkast ut i etterkant.*
- Fornøgde med at det blir skikulvert ved Nordli / RV9 - Ros for arbeidet med løyper med tilhøyrande oppmoding til at fleire betaler løypebidrag

Ref. SSH